




DET·NORSKE·TEATRET

NSB
BILLIGE
FERIE-
BILLETTER



10. SEPTEMBER TIL 10. DESEMBER

Skal De ha sen ferie i år eller har De planer om en annen reise i tidsrommet 10/9—10/12?

I så fall er sikkert «BILLIGE FERIEBILLETTER» noe for Dem.

Alle reisebyråer og stasjoner står gjerne til tjeneste med nærmere opplysninger.

Be om folder og husk at —

TIL ALLE TIDER —
I ALL SLAGS VÆR —
DET GÅR ALLTID ET TOG!



C159 126386

DET NORSKE TEATRET

I SAMARBEID MED RIKSTEATRET

JUBILEUMSFRAMSYNING


OSKAR BRAATEN

„UNGEN“

Regi: Jack Fjeldstad

Dekor: Snorre Tindberg





REDNINGSSKØYTENE reddet i 1962 41 mennesker fra drukningsdøden, og var til hjelp for 4285 mennesker

*Send ditt bidrag
til*

**NORSK SELSKAB
TIL SKIBBRUDNES REDNING**

Wesselsgt. 8, Oslo. Postgiro 500 026.
Bankgiro 900 026/51



Julius — Tom Tellefsen, Lagreta, mor hans — Åsta Voss.



Nattvaktene Krestoffer og Engebret — Ragnar Olason og Martin Gisti.

OSKAR BRAATEN OG „UNGEN”

Oskar Braaten har sin plass i norsk litteraturhistorie ved sida av Kristofer Uppdal og Johan Falkberget. Saman med desse to førte han arbeidarklassa inn i bokheimen vår. Medan Falkberget skildra menneske frå gruvelivet og Uppdal rallarane på vandring frå anlegg til anlegg, tok Braaten fram arbeidartypar frå «storbyen» Kristiania, slik han kjende dei frå oppvoksteren på Sagene, der mor hans arbeidde i eit spinneri ved Akers-elva frå klokka seks om morgonen til seks om kvelden, med halvannan times kviletid. Faren, Hans Oskar Haakensen, hørde til ein handverkarfamilie som dreiv blekkslagaryrket, men han hadde meir hug til sjøen, og heldt seg for det meste der, til han utvandra til Amerika. Mora, Marie Olsen, fødd på Trandumshagen i Ullensaker, voks opp på husmannsplassen Bråtan, og det var frå denne plassen sonen seinare tok namnet sitt. Ho kom til hovudstaden 20 år gammal og tok seg teneste hos ein kjøpmann i Sandakerveien, der Oskar vart fødd i «Nr. 12» i 1881, og som han seinare utnemnde til «verdens hyggeligste gate». Soga til mora har han fortalt i romanen «Bak høkerens disk» og skodespelet «Godvakker-Maren». — I barneåra stelte Oskar og systera Hanna seg sjølve medan mora gjekk på «fabrikken», og då systera òg fekk seg jobb, heldt Oskar til hos grannekona, eller i «Sagene Asyl», til mora kom heim.

Det var frå opplevingane i barneåra at Oskar Braaten henta emne til sine fyrste bøker, «Kring fabrikken», «Elling med beinet» (1910), og skodespelet «**Ungen**», som kom ut året etter og fekk sin urpremiere på Nationaltheatret våren 1913.

Oskar Braatens veg til diktaryrket er mangslungen som livet hans i det heile i barne- og ungdomsåra. Vel 14 år

Framhald side 11.



I «Afrika», fra v.: Aud Schønmenn, Mette Sundling, Arpad Szemes, John Birkehoel, Bonne Gauguin, Lise Fjeldstad, Tom Tellefsen, Svein Erik Brodal, Wenche Fæhn, Kari Borg, Per Larsen og Bess Falk.

I Hønsereiret, fra v.: Astrid Sommer, Tom Tellefsen, Bess Falk, Aud Schønmenn, Lise Fjeldstad, Kari Borg og Einar Vaage.



„UNGEN“

Skodespel i 4 akter av OSKAR BRAATEN

Dei som er med:

	ENGBRET,	
	NATTVAKT PÅ SPINNERIET	Martin Gisti
	KRESTOFFER,	
	NATTVAKT PÅ VEVERIET	Ragnar Olason
	JULIUS, FABRIKKGUT	Tom Tellefsen
	LAGRETA, MOR HANS	Åsta Voss
	HØNSE-LOVISA	Aud Schønemann
	KRESTNA, JENTA HENNAR	Astrid Sommer
Fabrikk- jenter	PETRINA	Wenche Fæhn
	MILJA	Lise Fjeldstad
	SERSJANT-PETRA	Kari Borg
	OLINA	Bess Falk
	INGA	Mette Sundling
	DOKTEREN	Einar Vaage
	GURINA NEGER,	
	VERTINNE I «AFRIKA»	Bonne Gauguin
	OLAF	Svein Erik Brodal
	ELIAS	John Birkehoel

regi JACK FJELDSTAD
dekor SNORRE TINDBERG
kostyme RANDI SKAHJEM
inspisient og turnéleiar ARPAD SZEMES

Pause etter 2. akt.



Krestna — Astrid Sommer, Hølse-Lovisa — Aud Schønemann.

Framhald frå side 7.

gammal søkte han seg visargutjobb hos bokreieren og målstrevaren Bertrand Jensen, etter at han hadde freista seg i eit prenteverk, der handpressa vart for tung å dra for hans spinkle kropp. Bertrand Jensen fekk interesse for den oppvakte og læreviljuge guten, og let han arbeide på garden sin på Hellerud. Seinare fekk han plass på boklageret, og det var her Oskar fekk kjennskap til litteraturen og ymse slag forfattarar som var knytte til forlaget, — mellom desse gatevisediktaren «Jumbo», som Braaten seinare skreiv romanen «Bams» om, og den fine landsmåls-prosaisten Rasmus Løland, som snart vart hans nære ven, og nok gjorde mykje til at den unge Sagene-guten vart aktiv «målmann», og skreiv sine fyrste romanar og skodespel på nynorsk. Sin kjærleik til dette målet gav han aldri opp, jamvel om han av økonomiske grunnar skreiv sine seinare romanar på eit sterkt dialektfarga bokmål.

Då Det Norske Teatret sette i gang på nyåret i 1913, var Oskar Braaten ein av dei som gjekk mest ihuga inn for dette dristige tiltaket, som jamvel mange målmenn tvila sterkt på kunne vera liv lage. Det andre større skodespelet hans, «Stor-Anders», med emne frå slumlivet i ein arbeidarforstad, vart framført som ei av opningsframsyningane til teatret, og elles vart Braaten tidleg knytt til teatret som konsulent og omsetjar, og var teatersjef frå 1934—36.

Dramatikaren Oskar Braaten byrja smålåten med nokre spelstykke for amatørar, «Du heimen min», «Arv», «Dei kvinnfolki», som vart mykje spela i dei frilynte ungdomslaga. Men fyrst med

„UNGEN“

som han kalla «folkeliiv i 4 akter», synte han sine særmerkte evner på dette området. Med rette helsa ein

Framhald side 13.



Dokteren — Einar Vaage, Milja — Lise Fjeldstad.

Framhald frå side 11.

samrøystes kritikk dette stykket som ei nyvinning i norsk drama; det var både det fyrste seriøse skodespel frå norsk arbeidarmiljø og eit viktig innlegg i dagens sosiale strid, kring ei ung kvinne som kjempar for å få lov å ha sitt «uekte» barn hos seg. — På Det Norske Teatret kom stykket opp i Stavanger, på ei spelferd våren 1914, og på nyåret 1915 i Oslo. Det vart da ein del ordskifte om kva målform som hævde best for dette miljøet, den Braaten sjølv hadde nytta i den prenta utgåva, som Det Norske Teatret følgde, eller den noko vinglande «austkant-dialekten» som Nationaltheatret hadde gjeve stykket i. Då Braaten instruerte stykket sjølv på Det Norske Teatret i 1938, nytta han det talemålet som var vanleg mellom arbeidsfolk på Sagene i 90-åra, og let elles draktene og utstyret få preg frå denne tida. Det er denne framsyninga som ligg til grunn for den som Det Norske Teatret no syner, og som vart instudert til 50-årsjubileet i år.

Hovudrollene i «Ungen» vart på Nationaltheatret spela av Mette Bull, August Odvar, Ragna Wettergren, fru Schibsted-Hansson og Hauk Aabel. På Det Norske Teatret spela fyrst Dagny Engh og Betzy Holter Milja, og i 1938 Eva Sletto, som fekk sitt gjennombrot i rolla og spela same rolla i filmatiseringa same året. Ranka Knudsen var den fyrste Hønse-Lovisa på Det Norske Teatret og Mally Haaland den fyrste Petrina. Seinare vann Ragnhild Hald og Tove Bryn Haaland store singlar i desse rollene, medan Astrid Sommer skapte si tørrkomiske Krestna, Dagmar Myhrvold si ruvande Gurina Neger, og Harald Heide Steen hadde ei av sine fyrste roller på teatret som den sviksame Julius.

Olav Dalgard.




Frå v.: Milja — Lise Fjeldstad, Julius — Tom Tellefsen, Petrina — Wenche Fæhn.

WILLEM II

SIGARER

Først
blant de
beste



Enimportør: Gunnar Stenberg A/S



— Var det NYLON-VASK, De sa?

— Ja, den heter Nylon-vask, men De kan tro den er fin til alt mulig. Til vindusvask f. eks. er det gjort på null komma null, og så blanke vinduer har jeg aldri hatt. De behøver hverken å skylle eller gni eller pusse. Det er bare å vaske over og tørre med samme skinnet. Og det blir aldri skjolder, selv om De vasker i sterk sol.

— Gid, da skal jeg jammen kjøpe e' såpe . . .


— Såp meg inn, fru Blom! Det er ikke noe såpestykke. Det er en *vaskekrem på tuber*. Og i den tuben er det nok vaskekrem til 100 bøtter vann, hvis det er vinduer De skal vaske. Klem bare ut et par cm av tuben, for det skal nesten ingenting til. —

Men NYLON-VASK er det beste De kan bruke til all slags vask — spesielt til det fine tøyet De er mest redd for. Les bruksanvisningen som følger hver tube. Der står det.

Fabrikant:

ALKEMIKO

Oslo



Norges Brannkasse

Grunnlagt 1767

Wergelandsveien 3 - Filial: Stortorvet 2 - Tlf. 33 70 70

Brann- og annen skadetrygd

Kombinert trygding - Nyverdetrygding